



FISKERIDIREKTORATET,
HOVEDBIBLIOTEKET


22 DES. 1986

FISKERIRETTLEIAREN I BREMANGER OG FLORA

Å R S M E L D I N G

1 9 8 5

BREMANGER OG FLORA KOMMUNER



"DET VAR PÅ TIDE!"

ÅRSMELDING

1985

BREMANGER & FLORA KOMMUNER

1. Fiskerirettleiaren har primert Bremanger og Flora kommuner som tenestekommuner, men etter at Flora kommune vart pålagt felles fiskerinemnd med Naustdal og Førde har også fiskerirettleiaren fått utvida tenesteområdet. Bremanger er kontorkommunen, men fiskerirettleiaren har fast kontordag i Flora kvar onsdag.

Kontoret i Bremanger er plassert i Flora-Bremanger Sp.bank sitt bygg på Hauge. I Florø har kontoret plass i Vestlandsbanken sitt bygg.

1.2. Personalet.

Ved fiskerikontoret er det berre ein tilsett:

- Fiskerirettleiar Jon Frøyen.

1.3. Fiskerinemnda i Bremanger.

I møte i kommunestyret i Bremanger den 19. januar 1984 vart det foreteke fylgjande val til fiskerinemnd for åra 1984-87.

1. Knut Førde, Bremanger - formann
Varamann John Bratseth, Bremanger
2. Oskar Moe, Bremanger
Varamann Per Inge Igland, Bremanger
3. Erling Førde, Bremanger
Varamedl. Ståle Gulestøl, Kalvåg
4. Peder Bakke, Bremanger
Varamedl. Kjellaug Igland, Bremanger
5. Audun Strømmen, Rugsund
Varamedl. Sverre Leirgulen, Leirgulen

1.4 Fiskerinemnda i Flora.

Fiskeridirektoratet har bestemt at det skal vere felles fiskerinemnd for kommunane Flora, Førde og Naustdal.

Nemnda har 7 medlemar, som er fordelt med 1 frå Førde, 1 frå Naustdal og 5 frå Flora.

For perioden 1984 - 1987 er fylgjande valde:

1. Johan O. Nekkøy, leiar, Nekkøy, Florø.
Varamedl. Svanhild Hamre.
2. Erling Grytten, Stavang.
Varamedl. Odd Reksten.
3. Liv Espeseth, Tansøy
Varamedl. Audhild Lekva.
4. Hjørdis Ulriksen, Batalden.
Varamedl. Rune Nilsen.
5. Leif Langø, Rognaldsvåg.
Varamedl. Steinar Nekkøy.
6. Torfinn Engebø, Svortevik. - frå Naustdal kommune.
Varamedl. Harald Skjærli.
7. Kjell Solvik, Ervik. - frå Førde kommune.
Varamedl. Sverre Mulen.

1.5. Fiskerinemndene si verksemnd.

BREMANGER:

Fiskerinemnda i Bremanger hadde i meldingsåret 5 møter og handsama 54 saker. Ein del rutinesaker og andre saker som vart handsama administrativt vart referert for nemnda.

Fiskerinemnda sitt viktigaste saksområde i 1985 låg på oppdrettssektoren. Investeringsaktiviteten i nye farty og i industrien var betydeleg svekka i høve til nivået i dei seinare år. Investeringane i fiskeoppdrett er derimot aukande.

FLORA:

Fiskerinemnda i Flora hadde 5 møter og handsama 58 saker. Dei fleste sakene var konsesjons-saker for oppdrettsnæringa, men det var også etterspurnad etter finansieringsmidler til fiskeflåten. Eit brukt kystfiskefartøy på 65 fot vart innkjøpt i 1985, i tillegg gav Statens Fiskarbank lån til 2 nybygg på ca.57 fot.

2.1. Fiskermanntalet.

Sysselsette i fiske fordelt på eineyrke (blad B), biyrke (blad A) og aldersfordeling pr. 31.12.1984 og 31.12.1985.

BREMANGER

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-67	68 og over		
1984	Blad A		1	5	3	17	27	33	86	
	Blad B	17	45	43	30	44	22	3	204	41 år.
	Totalt								290	
1985	Blad A		1	5	13	17	23	37	96	
	Blad B	9	46	42	24	41	22	0	184	41 år.
	Totalt								280	

Totalt 1985 blad A : 96 stk. (+10)
 Blad B : 184 stk. (-20)
==280 stk. (+10)==

Tabellen viser at talet på personer som har fiske som eineyrke går nedover. Talet aukar på blad A. Dei fleste på A-lista er pensjonister.

Gjennomsnittsalderen for fiskarane i kommunen er 41 år. I meldingsåret vart 10 personar tekne opp i manntalet, fordelt med 9 stk. på blad B og 1 på blad A.

FLORA

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-67	68 og over		
84	Blad A	1	1	2	2	9	11	8	34	
	Blad B	8	35	31	19	23	20	4	140	40 år.
	Totalt								174	
85	Blad A			2	2	8	12	16	40	
	Blad B	11	30	30	18	19	16	2	126	39 år.
	Totalt								166	

Totalt 1985 Blad A: 40 stk. (+6)

Blad B: 126 stk. (-14)

====166 stk. (-8)=====

Tabellen viser at talet på personer som har fiske som einyrke (blad B) går tilbake. Talet aukar på blad A (biyrke). Dei fleste på blad A er pensjonister.

Gjennomsnittsalderen for fiskarane i Flora er 39 år.

I meldingsåret vart 15 personer tekne opp i manntalet, fordelt med 12 stk. på blad B og 3 på blad A.

3.1. FISKEFLÅTEN

Merkeregisterdata 1985
BREMANGER KOMMUNE.

Lengde i M	Ant. fartøyer			
	Status pr. 1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr. 31.12
0,0 - 4,9 M	4		0	4
5,0 - 9,9 M	315	11	13	317
10,0 - 14,9 M	27			27
15,0 - 19,9 M	3	2	0	1
20,0 - 29,9 M	3	1	0	2
Over 30,0 M	8	3	0	5
totalt	360	17	13	356

Utviklinga innan fiskeflåten i Bremanger viser trekk som gjev grunn til uro. I meldingsåret vart 3 av dei største banklinebåtane selde ut av kommunen, og 3 mellomstore farty vart kondemnert. Talet på farty mellom 20 og 30 m. har gått sterkt attende i dei seinare år. Som tabellen viser er det no att berre 2 farty av nemnde storleik. Dei er nesten 30 år gamle og det kan reknast som sikkert at begge vert kondemnert til neste år.

Dei 3 banklinebåtane som vart selde var "Førde Junior", "Grotle" og "Stadhav". Dei 3 kondemnerte var "Havgutt", "Havgrim" og "Havgard". I staden er det kome 13 nye sjarkar i storleiken frå 7 til 10 m.

Merkeregisterdata 1985

FLORA KOMMUNE.

Lengde i M	Ant. fartøyer			Status pr. 31.12
	Status pr. 1.1.	Avgang	Tilgang	
0,0 - 4,9 M				21
5,0 - 9,9 M				234
10,0 - 14,9 M				15
15,0 - 19,9 M				6
20,0 - 29,9 M				3
Over 30,0 M				2
totalt				281

Utviklinga innan fiskeflåten i Flora er stort sett den same som i Bremanger. Talet på sjarkar aukar og dei mellomstore fartya er på vei ut. Flåtestrukturen i Flora er elles ulik Bremanger. Dei fleste farty i Flora over 15 m. er rigga for not, og notfiske etter sild, sei, størje og brisling har vore hovedfiskeri. Det har vore dårleg lønsemnd for denne type farty i dei seinare år. Denne notflåten består for det meste av gamle trefarty som er lite eigna for ombygging eller modernisering. Det er venta at 5 båtar av denne fartygruppa vert kondemnert til neste år, og at det i staden kjem 2 nye moderne kystfiskefarty til Flora. (storleik ca.18 m.)

3.2. Konsesjonsbildet for kommunane.

Talet på farty som har konsesjon / løyve for eit bestemt fiske.

	Trål	Ringnot	Brisling	Drivgarn laks
Bremanger	0	2	1	15
Flora	0	2	7	0

4.1. Fiskebedrifter.

	Fryseri m/foredl.	Mottakstasj. og pakking	Hermetikk- fabrikk
Bremanger	2	3	-
Flora	1	2	1

FISKEINDUSTRIEN har hatt nokså stabile arbeidstilhøve i 1985. Råstofftilgangen var, totalt sett, noko større enn året før, og det er særleg silda og oppdrettsfisken som sler positivt ut. Både ved Bremanger Fiskeindustri i Kalvåg, Bremanger Fryseri i Bremanger og ved Skaarfish/ Florø Fryseri har det vore auke i tal tilsette i høve til 1984. Norway Foods i Florø starta opp att med 65 tilsette etter ein lenger stogg pga. planlegging og ombygging. For dei mindre fiskemottaka har 'cg utviklinga vore positiv. Ei verksemnd i Flora og ei i Bremanger driv fiskemottak i kombinasjon med fiskeoppdrett. Dette er ein fornuftig kombinasjon som sikrar vidare drift av dei minste mottaka. For kystfiskarane er det særst viktig at dei mindre fiskemottaka vert oppretthaldne.

4.2. Fiskeoppdrett.

Oversikt over leveranser av laks og aure frå oppdrettsanlegg i Bremanger og Flora i 1984 og 1985.

	ant.	Laks	Aure	Førstehands verdi
	anlegg	Kg.	Kg.	Kroner
Bremanger 1984	3	584.142	233.569	28.627.097
Bremanger 1985	4	655.700	240.700	37.300.000
Flora 1984	2	107.816	11.809	4.535.405
Flora 1985	3	106.500	157.400	9.000.000

Ein manglar oversikt over setjefiskproduksjonen i kommunane.

OPPDRETTSNÆRINGA i si noværande form er relativt ny. Produksjonen er hovedsakleg av laks og regnbogeaure. Oppal av matfisk går stort sett føre seg i saltvatn, medan oppal av setjefisk er bunde til kjelder av ferskvatn med stabil avrenning og god kvalitet på vatnet.

Næringa er i sterk utvikling og vekst.

Høge prisar på oppdrettslaks er hovedårsak til at 1985 har vore eit godt år for oppdrettarane. Sjølv om ein har unngått dei heilt store sjukdomsutslaga som har dukka opp både nord og sør for vårt fylke, har sjukdom vore eit problem som har ført til store tap for dei fleste oppdrettarane i kommunane Bremanger og Flora.

Dei problem som tykkjest å vere størst for næringa idag, kan oppsummerast slik:

- For låg tilgang på setjefisk av tilfredstillande kvalitet.
- Mangel på driftskapital.
- Mangelfull veterinærteneste.

SLUTNINGSORD

1985 kan summerast opp som eit variabelt driftsår for fiskarane. Torskefisket slo heilt feil, medan kystlineflåten har drive bra. For banklineflåten var året, sett under eit, tilfredstillande. For ringnotbåtane har det vore eit middels år, og for kystnotflåten var palefisket feilslege, mens brisling- og sildefisket var betre enn året før.

Utviklinga innan næringa viser elles trekk som gjev grunn til ei viss uro. Banklineflåten i Bremanger er halvert i 1985 og kystnotflåten i Flora er forelda og på vei ut, samstundes som det stadig vert ferre unge som satsar på fiskaryrket. Det siste gjeld både for Flora og Bremanger.

Ved fiskerikontoret aukar arbeid og saksmengd. Manglande løyving frå staten hindrar oppretting av stilling som kontorhjelp. I dei siste år har det vore vanskeleg å få til ei tilfredstillende årsmelding. Ein er nødt til å ta arbeidet med årsmeldinga overflatisk og prioritere saksarbeid som har større verdi for fiskarane og for næringa.